



Saksbehandlar: Ingeborg Lie Fredheim, Opplæringsavdelinga  
Sak nr.: 18/7987-1

## **Budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022 - sektorbudsjett for opplæring**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutval for opplæring til å gjere slikt vedtak:**

1. Hovudutval for opplæring sluttar seg til fylkesdirektøren si skisse til konkretisering av budsjettet for 2019 og tilhøyrande økonomiplan.
2. Målekartet for 2019 vert vedteke i samsvar med saksutgreiinga.

### **Vedlegg:**

### **Andre relevante dokument i saka:**

Notat, datert 04.02.2018, frå fylkesdirektøren for opplæring til hovudutval for opplæring: *Ny og særskild eksamen dei siste 5 åra* (HO-sak 1/18, skriv nr. 7).

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **0. Samandrag**

Fylkesdirektøren tilrår i saka ei skisse til konkretisering av budsjettet for 2019 og tilhøyrande økonomiplan. Fylkesdirektøren kjem vidare med tilråding til målekart for 2019.

### **1. Innleiing – felles for alle hovudutvalssakene**

Fylkestinget handsama i juni sak om økonomiplan 2019 - 2022. Følgjande sektorrammer vart vedtekne:

	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>
Politisk styring, plan og forvaltning	184,612	174,743	175,398	174,743
Opplæring	857,479	853,896	853,896	853,896
Tannhelsetenesta	81,635	81,635	81,635	81,635
Næring og kultur	143,491	143,491	143,491	143,491
Samferdsle	1054,234	987,628	987,628	987,628
<b>Sum sektorrammer</b>	<b>2321,451</b>	<b>2241,393</b>	<b>2242,048</b>	<b>2241,393</b>

Det er desse rammene som vert lagt til grunn for det vidare budsjett - og økonomiplanarbeidet.

Økonomiplanrammene føreset at tapskompensasjonsordninga vert trappa opp. Viss det ved framlegg av statsbudsjettet viser seg at denne føresetnaden ikkje held, kan dette få konsekvensar for sektorrammene på eit seinare tidspunkt.

Hovudutvala skal no kome med ei tilråding til finansutvalet på sektoren sitt detaljbudsjett for 2019. Som sektorspesialistar har hovudutvala gode føresetnader for å nytte tildelt driftsramme på ein best mogleg måte.

Sektorrammene er inndelt i ulike programområde og tenester. Fylkestinget har i juni vedteke ei fordeling for åra 2019-2022 basert på økonomiplan 2018-2021. Viss det i denne sakta vert tilrådd omprioriteringar mellom ulike programområde og tenester må dette spesifiserast nærmere.

## **2. Endringar i den økonomiske ramma for opplæring – verknader av tertialrapport 2/18**

Tabellen under viser verknaden for 2019-22 som følgje av tilrådde budsjettendringar i tertialrapport 2/18:

Teneste	2019-2022
5100 utgifter til lokale	-2,900
5152 Eleveksamén	0,600
5701 Opplæring i bedrift	2,500
5901 Privatisteksamen	-0,600
5903 Karriererettleiing	-0,207
<b>Netto innsparing opplæring</b>	<b>-0,607</b>

I tillegg kjem konsekvensen av tilrådde tekniske budsjettjusteringar i tertialrapport 2/18:

Teneste	2019-2022
5100 utgifter til lokale	-3,710
5101 Vedlikehald og drift av skulebygg	1,070
5150 Forvaltning og fellesutgifter	-7,550
5151 Fellesutgifter	4,620
5200 Pedagogisk leiing mv	2,930
5540 Fagskuleutdanning	-0,150
<b>Netto budsjettendring opplæring</b>	<b>-2,790</b>
<b>4210 Bygg- og eigedom forvaltning</b>	<b>2,790</b>
Netto budsjettendring	0,000

For nærmere omtale av endringane vert det vist til tertialrapport 2/18. Dei fleste tilrådde endringane for budsjett 2018 videreført i økonomiplan 2019 - 2022.

## **3. Gjennomføring av vedteke innsparingstiltak**

### ***3.1 Fagskulen i Sogn og Fjordane***

Som ein del av omstillingssarbeidet knytt til SFJ 2019, for å tilpasse drifta til reduserte sektorrammer, er det fylkeskommunale tilskotet til Fagskulen i Sogn og Fjordane frå 2019 redusert med 1 mill. kr samanlikna med løvingsnivået i 2018.

## **4. Særskilte saker**

### ***4.1 Sommarskule***

Fylkesdirektøren for opplæring la i februar 2018 fram notat, datert 04.02.2018, *Ny og særskild eksamen dei siste 5 åra* (HO-sak 1/18, skriv nr. 7) fram for hovudutval for opplæring til orientering. I notatet syner fylkesdirektøren m.a. til følgjande utviklingstrekk dei siste 5 åra:

- sterk nedgang i strykprosent for standpunktcharakterar
- nedgang i strykprosent til eksamen

- langt større del av elevane som stryk til ordinær eksamen, greier NUS-eksamen om hausten samanlikna med elevar som har stryk i standpunkt.

I notatet heiter det m.a.:

«Fylkesdirektøren for opplæring meiner årsakene til den sterke nedgangen i stryk til standpunkt og eksamen er fleire. Arbeidet med vurdering og gjennomføring dei siste åra fører til at elevane får tettare og betre oppfølging frå skulane. Mellom anna vert det gitt tilbod om ekstraopplæring for elevar som manglar eller har svakt vurderingsgrunnlag i fag.»

Fylkesdirektøren syner i notatet også til at det er ein tydeleg nedgang i tal deltakarar på sommarskulen. Tilbodet om sommarskule har vore finansiert over løvinga til tilpassa opplæring.

På bakgrunn av den sterke nedgangen i stryk til standpunkt og eksamen, samt låg deltaking på sommarskulen, meinte fylkesdirektøren i notatet at tiltaket med sommarskule bør avviklast og at dei budsjetterte midlane, 0,2 mill. kr årleg, bør gå inn som ein del av budsjettet for tilpassa opplæring. Hovudutvalet for opplæring hadde ikkje merknader til notatet og sommaren 2018 vart ikkje tiltaket sommarskule gjennomført.

Fylkesdirektøren rår til at tiltaket sommarskule vert varig avvikla og at dei budsjetterte midlane går inn som ein del av budsjettet for tilpassa opplæring.

#### Tilråding

Hovudutval for opplæring sluttar seg til at tiltaket sommarskule vert avvikla og at dei budsjetterte midlane, 0,2 mill. kr årleg, går inn som ein del av budsjettet for tilpassa opplæring.

#### *4.2 FINT (Felles fylkeskommunale integrasjonar)*

FINT er et nasjonalt prosjekt i regi av Vigo IKS som tek hand om alle fylkeskommunane sine behov når det gjeld integrasjon i høve:

- Digitalisering, gjennom etablering av felleskomponentar.
- Standardisering av integrasjonar for fylkeskommunane
- Etablering av felles informasjonsmodell som grunnlag for integrasjonane.

Årleg kostnad per fylkeskommune (18 stk.) er i 2019 rekna til 0,437 mill. kr. Frå 01.01.2020 er kostnad per fylkeskommune (11 stk.) rekna til 0,716 mill. kr.

Fylkesdirektøren rår til at Sogn og Fjordane fylkeskommune sin del av prosjektkostnaden ved FINT (Felles fylkeskommunale integrasjonar) frå 2019 vert finansiert innanfor dei økonomiske rammene i opplæringssektoren.

#### Tilråding

Hovudutval for opplæring sluttar seg til at Sogn og Fjordane fylkeskommune sin del av prosjektkostnaden ved FINT (Felles fylkeskommunale integrasjonar) frå 2019 vert finansiert innanfor dei økonomiske rammene i opplæringssektoren.

#### *4.3 Avgangselevar frå grunnskulen, inntaksgrunnlaget til vg1*

Til skuleåret 2018-19, inneverande år, var det meldt inn 1399 avgangselevar frå grunnskulane. Det var ein nedgang på 52 i høve skuleåret 2017-18.

Prognose for tal avgangselevar til skuleåret 2019-2020 syner 1468 elevar, det er 69 fleire enn inneverande år. Inneverande år har vi sett i gang 93 vg1 grupper. I grunnskuletilbod for minoritetsspråkleg ungdom (GMU) er det per no 100 elevar, det er same nivå som på tilsvarande tid i fjer. Om lag halvparten av elevane i GMU er klare til å søke vidaregåande opplæring påfølgjande år.

Etter andre inntaket var det 123 ledige plassar på vg1-nivå. Av desse var 75 i dei studieførebuande utdanningsprogramma. Det er i yrkesfaglege utdanningsprogram det truleg kan bli behov for å auke kapasiteten komande skuleår.

Fylkesdirektøren si vurdering er at ramma på 220 grupper kan bli trøng. Over halvparten av elevane frå grunnskulen søker seg til yrkesfagleg utdanningsprogram. Ei reell auke på 2-3 grupper på vg1 yrkesfag er realistisk. Kor vidt det er mogeleg å redusere kapasiteten på vg2 og vg3 vil fylkesdirektøren først sjå i dei reelle elevtala som er grunnlaget for sak om opplæringstilbodet for skuleåret 2019-2020.

I samband med tertialrapport 2/18 vart løyvinga på teneste 5210 Utdanningsprogramma i 2018 redusert med 4,1 mill. kr. Som følgje av vurderingane over er rammereduksjonen ikkje tilrådd vidareført i økonomiplanperioden.

#### Tilråding

Hovudutval for opplæring tek orienteringa om inntaksgrunnlaget til vg1 til vitande.

#### *4.4 Grunnskuletilbod til minoritetsspråkleg ungdom (GMU)*

I økonomiplanen er det føresett at grunnskuletilboden til minoritetsspråkleg ungdom skal finansierast innanfor den økonomiske ramma for tilpassa opplæring. I gjeldande økonomiplan er det sett av 3,6 mill. kr årleg til føremålet. For skuleåret 2017-2018 var det etablert 11 GMU- grupper (12 grupper våren 2018). For skuleåret 2018 -2019 er det sett i gang 11 GMU-grupper.

I 2018 har fylkeskommunen fått innvilga tilskot frå IMDI til føremålet med 2,755 mill. kr.

Grunna usikkerhet i alderssamansetting i busettingstala og familiesameiningar er det uråd for fylkesdirektøren å stipulere behovet for GMU-grupper hausten 2019. Basert på vedtak om busetting i kommunane, er det tydeleg at det kjem færre flyktningar enn tidlegare. Fylkesdirektøren meiner at det likevel må takast høgde for at det framleis er elevar i kommunane som vil ha behov for meir grunnskuleopplæring og er i alderen 18-24 år. Det er difor fylkesdirektøren si vurdering at behovet for nye GMU-grupper frå hausten 2019 vil vere om lag som inneverande skuleår.

Fylkeskommunen har ikkje fått noko signal på om det statlege tilskotet vil bli vidareført etter 2018. Det er fylkesdirektøren si vurdering at dersom fylkeskommunen ikkje får statlege midlar til føremålet må det setjast av fylkeskommunale midlar. Fylkesdirektøren ser ikkje føre seg at dette kan finansierast innanfor den økonomiske ramma for opplæringssektoren.

Fylkesdirektøren vil kome tilbake med ny vurdering etter framlegget til statsbudsjett som kjem i oktober.

#### Tilråding

Hovudutval for opplæring tek orienteringa om utfordringane når det gjeld finansiering av grunnskuletilbod til minoritetsspråkleg ungdom (GMU) til vitande.

## **5. Målekart 2019**

Fylkesdirektøren har vurdert den delen av målekartet som gjeld vidaregåande opplæring opp mot tilrådinga til nytt mål- og strategidokument og framlegget til budsjett for 2019. Fylkesdirektøren rår til at målekartet for 2018 vert vidareført for 2019, med følgjande endringar:

#### Måleindikator T6 Gjennomføring - ambisjonsnivå T6.1-1:

Formulering i målekart 2018:

«I 2017 skal 81% av dei som byrja i vidaregåande opplæring i 2012 ha gjennomført opplæringa.»

Formulering i målekart 2019:

«I 2018 skal 83% av dei som byrja i vidaregåande opplæring i 2013 ha gjennomført opplæringa.»

#### Måleindikator R5 Gjennomføring - ambisjonsnivå R5.1-1:

Formulering i målekart 2018:

«90% av alle med ungdoms- eller vaksenrett som søker læreplass som første ønske får tilbod.»

Formulering i målekart 2019:

«90% av alle med ungdoms- eller vaksenrett som, gjennom inntakssystemet Vigo, søker læreplass som første ønske, får tilbod om opplæring for å nå sluttkompetansen.

Kjelde: QlikView, Vigo, november 2019.»

#### Tilråding

Hovudutval for opplæring sluttar seg til at målekartet for 2019 vert endra i samsvar med saksutgreiinga.